

Aaland Arkitektkontor treng fleire medarbeidarar

Aaland Arkitektkontor AS held til i Stryn sentrum og er eit rådgjevande arkitekt- og ingeniørselskap, som driv med fleirfagleg rådgjeving innan bygningar, anlegg og arealplan. Selskapet har i dag 7 tilsette og utgjer eit betydeleg kompetansmiljø i vårt distrikt. Vi har oppdrag langt utover vårt nærrområde og deltek i prosjekteringsgrupper på fleire større prosjekt.

Sivilarkitekt - fagansvarleg arkitektur – dagleg leiar

Vår oppdragsmengd aukar og vi ynskjer difor å få tilsett ein erfaren sivilarkitekt som kan gå inn i rolla som fagansvarleg arkitektur og eventuelt også som dagleg leiar. Vi skisserer, prosjekterer, modellerer og utarbeider komplette anbudsgrunnlag for både private og offentlege aktørar. Våre oppdrag er gjerne knytt til arkitektur for seg, eller i kombinasjon, og ofte også i samheng med fleire andre fagfelt, som t.d. plan, konstruksjon, VVS, elektro og fornybar energi.

Vi ønskjer at du:

- Har godt humør, engasjement og trivast med høgt tempo.
- Er utdanna sivilarkitekt.
- Har 4 års relevant yrkeserfaring innan arkitektur.
- Har stor interesse for og god kunnskap innanfor programvare tilknytt fagområdet.
- Har gode evnar og vilje til å arbeide både sjølvstendig og i team.
- Har gode leiareigenskapar.
- Har gode evnar til skriftleg og munnleg framstilling på norsk.

Vi kan tilby:

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver, med gode utviklingsmoglegheiter.
- Spanande arbeidsmiljø med stor fagleg breidde.
- Ein arbeidsplass med fokus på miljø – både fagleg, i utføring av arbeidsoppgåver og sosialt.
- Naudsynt opplæring.
- Konkurransedyktige tilsetjingsvilkår.
- Flotte lokaler i Stryn sentrum.
- Heimekontor. For erfarne og sjølvstendige kandidatar, kan det vere aktuelt å etablere satelittkontor andre stader i landet, med besøk på kontoret i Stryn ved behov. (Gjeld ikkje stillinga som dagleg leiar, då må vedkommande vere på kontoret minimum 3 dagar i veka, etter innkøyringsperiode.)

Søknad og CV sendast til jih@investconsult.no, seinast 11.01.2019.

Merk søknad med «Sivilarkitekt-fagansvarleg»

Kontaktpersonar: Nils Kristian Arnestad, tlf. 48425708/Jan-Inge Hage, tlf. 975 11 472